



Statens vegvesen

Osterøy kommune

5282 LONEVÅG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Lars Ottar Sagstad / 55516434

Vår referanse:
19/188510-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
21.08.2019

Uttale til forslag om mindre endring i reguleringsplan for Fugledalen bustad – Hatland med planID 12532012001 – Osterøy kommune

Vi syner til brev frå Osterøy kommune 11.07.2019. Saka gjeld uttale til søknad om mindre endring av reguleringsplan for Fugledalen bustad på Hatland.

Bakgrunn

Reguleringsplan for Fugledalen bustad – Hatland blei vedteken 24.09.2014. Tiltakshavar ynskjer å gjennomføre ei mindre endring av vedtatt plan jf pbl. § 12–14 2. ledd. Endringa vil gjelde både føresegn og plankart.

Planområdet

I reguleringsplan Fugledalen bustad som vart vedteken i 2014 var det eit lite område mellom idrettsplassen og planområdet som ikkje vart dekkja av reguleringsplanen. Dette området ligg i pågåande områdeplan for Lonevåg. Gangveg frå Fugledalen bustad til idrettsplassen er regulert i gjeldane plan, men gangvegen gjeikk ikkje heilt ned til eksisterande gangvegsystem på Hatland med skule og idrettsanlegg. Difor er det naudsynt med ei mindre utviding av planområdet for å sikra eit heilskapleg gangsystem, utan at det er naudsynt å regulere området i to reguleringsplanar. Området som ein innlemma i planområdet er i gjeldande KPA avsett til idrettsanlegg (arealformål 1400 – Idrett). Det er regulert til same formål i gjeldande plan for Lonevåg –Hatland 504_51

Gangveg

Føremålet vert endra frå gangveg til turveg. Grunnen til den endringa er at tiltakshaver meiner det ikkje er mogleg å byggja vegen slik det opphavleg vart planlagd på grunn av terrenget og at den derfor blir noko brattare enn planlagd. Ny gjennomsnittleg stigning blir på 1:7, mens det opphavleg var regulert med 1:8. Det skal også byggast gjerde der det er høge skjeringar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Gangvegen er sentralt plassert i forhold til offentlege tilbud som skule, fotballbane, og snarveg til m.a. buss og kommunesenter. Det er planlagt tilrettelagt fortau frå bustadfelt langs vegsystemet til offentlig veg, men dette vil bli ein omveg, for særleg rullestolbrukara og andre med nedsett rørsleevne. Det er ved oppstart av reguleringsplan akseptert stigning på gangveg som er brattere en anbefalt i Håndbok N100, men dette kan akseptertast da det utgjør ein liten skilnad(fra 1:8 til 1:7)



Figur 2: Turveg og leikeareal. Til venstre vedteken plan. Til høgre endring.

Uttale

Statens vegvesen er kritisk til at føremålet blir endra frå gangveg til turveg, da dette kan medføre endra krav til blant anna drift, vedlikehald og belysning.

Plan- og forvaltning Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Lars Ottar Sagstad
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.